



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for funksjonshemma
Møtestad	Thon hotel Skei
Møtedato	22.09.2015
Kl.	09:30

Faste medlemmer til stades: Norunn Lunde Furnes, Odd Atle Stegegjerdet, Solfrid Fossberg, Solfrid Lillebø

Forfall til møtet: Geir Liavåg

Varamedlemer til stades: Alfred Brusegard

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 9. juni 2015 vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1 Oppsummering frå landskonferansen i Bodø

Landskonferansen for fylkesråd for funksjonshemma fann stad i Bodø 19. – 21. august. Tittelen på konferansen var «Holdninger er nøkkelen». På konferansen var det m.a. innlegg frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, markering av 40 år jubileum for fylkesrådet i Nordland, kulturinnslag, korleis ein kan arbeide med tilrettelegging av kulturarrangement og ungdomsmedverknad.

Det var sett av mykje tid til jubileet for Nordland, og mindre tid til det faglege. Bra at det var fokus på ungdom, på denne konferansen. Innlegget frå Benedikte Vivaas Kise, som er styremedlem i Unge funksjonshemmede, var spesielt bra. «Kultur for alle» var eit anna tema, men det var ikkje så mykje sagt om korleis det var tilrettelagt for dette då vi var på Kjerringøy. Det var lagt godt til rette for erfaringsutveksling på samlinga. Elles savnar rådet at gruppearbeidet kunne ha vore lagt opp litt annleis, for å få til ei erfaringsutveksling på tvers av landsdelar og like roller.

Fylkesrådet syns det er trist at dei ikkje kan invitere til landskonferanse i 2016, med bakgrunn i valet hausten 2015 og kapasitet på handicaprom på hotella i Sogn og Fjordane.

Fleire av medlemmene i fylkesrådet meiner det vart plassert for mange bussar og bilar på ferja som returnerte frå Kjerringøy, og var bekymra for sikkerheita om det skulle ha skjedd ei ulykke.

Presentasjonane frå konferansen er lagt ut på heimesida til Nordland fylkeskommune, og er vidaresendt til deltakarane. Presentasjonane finn ein her:

<https://www.nfk.no/artikkel.aspx?MIId1=16302&AIId=42396>

Meldesak 2 SOR-konferansen 22. – 23. oktober

Den 22. – 23. oktober er det SOR-konferanse i Oslo. Tittelen på konferansen er «Helt med». Sjå vedlagt program

Konklusjon: Norunn og Solfrid L. reiser på konferansen. Odd Atle vurderer å melde seg på.

Meldesak 3 Arrangement av landskonferanse

I 2017 er det 20 år sidan ein arrangerte Landskonferanse for fylkesråd for funksjonshemma i Sogn og Fjordane

Konklusjon: Viktig å planlegge framover, for å sikre at ein har økonomi til å gjennomføre ein slik konferanse. Noverande fylkesråd har ynskje om at det vert gjennomført ein landskonferanse, og at det nye rådet tek dette innspelet vidare.

Meldesak 4 Økonomiplanen 2016 - 2019

Kostnadsreduksjon samferdsle 2016 – 2019 er noko av innspela til økonomiplanen.

Positivt at det er sendt over for uttale frå samferdsleavdelinga.

Konklusjon: Leiar for fylkesrådet sender brev til fylkesrådmannen med fylgjande innhald: «Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil gje honnør til samferdsleavdelinga som har sendt brev til oss og invitert oss til å meine noko om innspela til kostnadsreduksjonar i samferdslesektoren i samband med økonomiplanen. Vi saknar eit liknande initiativ frå dei andre avdelingane i fylkeskommunen, fordi dei også legg til rette for vedtak i saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne anten det er kultur, folkehelse eller andre tema.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne bed fylkesrådmannen følgje opp at alle avdelingane sender og deler saker som kan vere aktuelle med vår rådgjevar og sekretær, Anne Kjersti Stenehem med kopi til leiaren for fylkesrådet.»

Meldesak 5 Ymse

- Prosjektet Hoven Loen 2017 - var invitert til å orientere om prosjektet, men hadde ikkje høve til å møte. Prosjektleiari hadde sendt over informasjon og film om prosjektet.

Uttale: «Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane er positive til at det vert planlagt kultur og fritidstilbod der alle kan delta. Prosjektet Hoven Loen 2017 planlegg m.a. gondolbane, turveg og parkeringsplassar med universell utforming. Det er viktig at heile prosjektet vert planlagt slik, inkludert overnattingstilboda og serveringsstadene. Hotellrom, heisar og fellesareal må planleggast med universell utforming, og ha kapasitet til å ta i mot større grupper av menneske i rullestolar, rullatorar eller med barnevogner. Prosjektet Hoven Loen 2017 planlegg universell utforming rundt gondolbana. Dette vil føre til fleire tilreisande, og vil sette kapasiteten på overnatting og serveringsstader med universell utforming på prøve.»

- «Fritid for alle» - Norunn orienterte om ein e-post ho hadde fått tilsendt, der det vart etterlyst ei oversikt for aktivitetar i Sogn og Fjordane. Det er ulikt frå kommune til kommune i Sogn og Fjordane korleis ein jobbar. Fylkesrådet veit at det er aktivitetar i Årdal kommune. Folkehelsekoordinatorane har kanskje oversikt for sin kommune for slike aktivitetar. Det var forslag om å sende eit brev til regionråda, FFO og SAFO, for å få desse til å engasjere seg, og samarbeide på tvers av kommunegrensene. Brevet vert i tillegg sendt til dei kommunale råda og kulturavdelinga i fylkeskommunen, for å få desse til å engasjere seg i dette arbeidet.

Konklusjon: Det vert sendt brev til regionråda, FFO, SAFO og dei kommunale råda med fylgjande innhald: *«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane har fått spørsmål om det finst eit oversyn over tilrettelagde fritidstilbod for barn og unge med nedsett funksjonsevne i fylket.*

Vi er kjende med at det finst ei brosjyre i Rogaland og eit oversyn på nettet –utarbeidd av Helse Stavanger – der alle tilrettelagde fritidstilbod i kommunane er samla på ein stad. Vi tenkjer oss at tilsvarande oversyn vil vere nyttig for både kommunar, organisasjonar og einskilde menneske eller grupper i vårt fylke.

Vi utfordrar kommunane ved regionråda og dei enkelte kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne å melde inn kva tilbod som finst når det gjeld fritid for alle, særleg for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Vi bed også dei fylkesdekkande organisasjonane SAFO og FFO om å melde inn kva tilbod dei kjenner til.»

- Møtet 3. november vert i Lavik, der fylkesrådet skal ha synfaring på ferja mellom Lavik og Oppedal. Saker som er aktuelle på dette møtet:
 - Årsmeldinga 2015
 - Oppsummering frå SOR-konferansen i oktober
 - Innspel på saker til det nye fylkesrådet
- Informasjon frå medlemmene i fylkesrådet om saker som har vore oppe til orientering i brukarutvalet i Helse Førde, som oppretting av statlege innkjøpselskap som vil påverke drosjenæringa i distriktet, og dermed TT-ordninga.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått 100 000 kr frå Kartverket til å styrke arbeidet med universell utforming og tilgjengelegheit i friluftsområde. «Fysisk aktivitet for alle» - er visjonen i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017. Prosjektet fylkeskommunen no startar opp, er del av oppfølginga av denne planen. Meir informasjon her: <http://www.sfj.no/satsar-paa-universell-utforming.5792684-329217.html>

SAK 6/15 Endring av møtedato 2015 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Framlegg frå leiaren om å flytte møte 12. november 2015 til 3. november 2015.

1. Møtet planlagt 12. november 2015, vert flytta til 3. november 2015

Dette gir følgjande VEDTAK:

Framlegg frå leiaren om å flytte møte 12. november 2015 til 3. november 2015.

1) Møtet planlagt 12. november 2015, vert flytta til 3. november 2015

SAK 7/15 Skriv og meldingar 22. september 2015 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1) **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2) **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

SAK 8/15 Innspel kostnadsreduksjonar samferdsle 2016 - 2019 frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonseven gjev følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som positivt at ordninga med tilrettelagd transport er skjerna i framlegget om kostnadsreduksjonane for samferdsle.

Tilrettelagd transport er einaste skyssen for menneske med nedsett funksjonsevne som er utan eigen bil.

Ordninga med serviceskyss er ekstra viktig i bygder der fylkeskommunen ikkje har eit kollektivtilbod.

SAK 9/15 Utkast årsmelding 2015 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1) Korrigerering til 5 møter i 2015
 - 2) Uttalane til fylkesrådet i møtet 22. september, vert lagt til i vedlegga
 - 3) Årsmeldinga 2015 vert sett opp som sak igjen 3. november
-